

Saksbehandlar: Olav Skarsbø, Næringsavdelinga  
Sak nr.: 09/2447-115

## **Omdisponering av breibandmidlar - Høyanger kommune**

### **Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slik vedtak:**

Hovudutvalet for plan og næring gir Høyanger kommune løyve til å nytte midlane løyvd til Ullebø-Byrkjosen-Guddalen til ei utbygging av fiber på Høyanger sørside.

#### Vedlegg:

Søknad om omdisponering frå Høyanger kommune

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Breibandstrategi for Sogn og Fjordane vedteken i fylkestinget 17.04.12

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Hovudutvalet for plan og næring gir Høyanger kommune løyve til å nytte midlane løyvd til Ullebø-Byrkjosen-Guddalen til ei utbygging av fiber på Høyanger sørside.

### **2. Bakgrunn**

Høyanger kommune fekk i desember 2009 eit tilsegn på kr. 550 000 til koparopprydding Ullebø-Byrkjosen- Guddalen.

Høyanger kommune opplyser at Direktoratet for Nødkommunikasjon (DNK) er i gang med utbygging av naudnettet i området og at DNK tilbyr Telenor å nytte deira infrastruktur. Dette vil gi betre mobildekning og høve til breiband via radio til dei 20 fastbuande i området.

Høyanger kommune søker om omdisponere dei løyvde midlane til Ullebø-Byrkjosen-Guddalen til ei fiber- og mobilutbygging på Høyanger sørside. Her er fleire innovative bedrifter med god utvikling og vekst som alle er avhengig av gode kommunikasjonsløyser. Grendene Ortnevik, Søreide, Bjordal og Ikjefjord har til saman 360 innbyggjarar.

Det er eit stort engasjement blant innbyggjarane og verksemdene for å få løyst dei store kommunikasjonsutfordringane bygdene på sørsida av kommunen har. Høyanger Næringsutvikling støttar opp om dette arbeidet og har hatt gjennomført møte med Eninvest og Telenor for å diskutere aktuelle løyser.

### **3. Saksvurdering**

Hovudutval for plan og næring gjorde i møte 9.12.2009 vedtak om tildeling av breibandmidlar. 19 millionar kroner vart fordelt etter søknad frå kommunane. Det var søkt om totalt kr. 45,9 millionar kroner fordelt på 21 søknadar.

Tildelingskriteria for fiberprosjekt var i 2009 slik:

1. Til nytte for næringslivet ved at dei får tilgang til høgare kapasitet
2. Sannsynleggjering av at næringslivet er involvert og vil vere med

3. Dagens dekning er ikkje god nok. (inkl stadar der det ikkje er dekning eller dårleg dekning i dag)
4. Bør gi ulike tenesteleverandørar og kundegrupper tilgang

Høyanger kommune hadde ingen søknader på fiberprosjekt i 2009, men fekk tilsegn om støtte på kr. 550 000,- til koparoppdydding i Ullebø-Byrkjosen- Guddalen, og kr 375 000,- til mobilutbygging i Bjordal-Hest-Førde. Det fylkeskommunale tilskotet utgjorde 50% av den totale utbyggingskostnaden.

Kommunen opplyser at prosjektet i Bjordal-Hest-Førde no gjennomført, men Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje motteke sluttrapport og revidert rekneskap. Dette tilskotet er derfor ikkje utbetalt.

Ut frå ei samla vurdering finn vi det rett å gi løyve til omdisponering av kr 550 000 løyv til Ullebø-Byrkjosen-Guddalen til ei fiberutbygging på Høyanger sørside.

Eit vesentleg punkt i vurdering er om søknad om fiberutbygging på Høyanger sørside ville stått like sterkt som dei prosjekta som fekk tildelt midlar i 2009. Vi finn at dette prosjektet fyller alle tildelingskriteria for fiberprosjekt gjort i 2009.

Saka er drøfta i IT-forum sitt breibandforum.

#### **4. Konklusjon/tilråding**

Høyanger kommune bør få løyve til å nytte midlane løyvd til Ullebø-Byrkjosen-Guddalen til ei utbygging av fiber på Høyanger sørside.